

Møtebok
Frå møte i Gol og Herad kyrkjelege fellesråd
Gol kyrkje / kyrkjegard
11. Mai 2023 Kl 18.00 - 20.00

Til stades:

Gunn-Astrid Frøysok , Olveig Synnøve Engene, Ole Dag Møllerplass, Evi Anita Torp, Hilde Midtgård

Kristin Bakke Haugen møtte for Heidi Granli
Bjørge Møllerplass møtte for Jurunn Viljugrein Stake

Forfall: Inger Lagmannsgård
 Arnstein Bleiktvedt
 Wenche Dahl-Michhelsen Fløysand

SAKER:

FR-sak 20/23: Godkjenning av innkalling og møteprotokoll

Framlegg til vedtak:

Fellesrådet godkjenner innkallinga samt møteprotokollen frå 20. April 2023

Gol og Herad fellesråd i møte 11. Mai 2023:

VEDTAK:

Fellesrådet godkjenner innkallinga samt møteprotokollen frå 20. April 2023

FR-sak 21/23: Postliste og orienteringar

Framlegg til vedtak:

Gol og Herad kyrkjelege fellesråd tek orienteringane til etterretning

Gol og Herad fellesråd i møte 11. Mai 2023:

VEDTAK:

Gol og Herad kyrkjelege fellesråd tek orienteringane til etterretning

FR-sak 22/23: Synfaring på Gol nye gravplass

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeverja arbeider vidare med innspela som kom fram i møtet.

Gol og Herad fellesråd i møte 11. Mai 2023:

VEDTAK:

Fellesrådet peika på kumlokka som var rusta, og spør om dei er i samsvar med bestillinga. Fellesrådet stiller spørsmål ved den låge høgda på minneplatene og bed kyrkjeverja sjå til at minneplatene på den planlagde gravplassen i Herad får ein høgare og betre plassering.

Kyrkjeverja arbeider vidare med innspela som kom fram i møtet.

FR-sak 23/23:

Økonomiplan 2024 – 2027 -Drøftingssak

Framlegg til vedtak:

Kyrkjeverja jobbar vidare med prioriteringane frå fellesrådet. Saka kjem opp att på budsjettmøtet til hausten.

Gol og Herad fellesråd i møte 11. Mai 2023:

VEDTAK:

Kyrkjeverja jobbar vidare med prioriteringane frå fellesrådet. Saka kjem opp att på budsjettmøtet til hausten.